



- Flinker gutar. Dei er nok potensielle, framtidige ansatte i SPAR, sa dagleg leiar Bente Nilsen då ho på morgonkvisten i dag såg Jan Martin Haugland og Hans Fredrik Zimmer i fullt arbeid i butikken. Jan Martin går i 8A på ungdomsskolen i Rosendal medan Hans Fredrik går i 8B og dei to valde altså butikken på utplasseringsdagen.

- Er det fordi de tek sikte på ein karriere i butikk, ville uskedalen.no veta.
- Nei, det vart SPAR fordi det var det første vi kom på, var svaret.

Gutane stabla inn varer som om dei aldri skulle ha gjort noko anna og vi undra oss over korleis dei kunne finna fram så raskt og lett til dei rette plassane i hyllene.

Også her kom svaret kontant:

- Det er ikkje noko problem. Vi har jo vore her tidlegare - og handla!

Gutane kunne opplysa at tre andre åttandeklassingar også er i arbeid i Uskedalen i dag. Det er Mats Raudstein på bensinstasjonen, som går i 8A , og paret Kari Bråtun og Anne Marthe Zimmer (begge 8B) som jobbar i Dønhaug Gardsbarnehage.

(Foto: Ola Matti Mathisen)